



Arkivsaknr: 2024/837-19
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag på søknad om endring av konsesjonsvilkår etter konsesjonslova - gbnr 219/1 Vike

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagene ifrå Vike Grendalag, datert 27.06.2024, og klage frå konsesjonshavar, Søren Helligsøe, datert 04.07.2024 i sak 2024/837, vert ikkje teke til følge.

Det delegerte vedtaket av 12.06.2024 vert oppretthalden med den presisering at vedtaket frå Statsforvaltaren er datert, 01.03.2022 (ikkje 01.03.2023):

«Med heimel i konsesjonslova § 11, jf. § 9 vert det gjeve avslag på søknad om lemping av konsesjonsvilkår.

Vilkåra slik det går fram av vedtak datert 01.03.2022 er gjeldande:

«Det er eit vilkår for konsesjon at dei delane av eigedomen som er avsett til landbruk- natur-og friluftsføremål i arealdelen til kommuneplanen, vert selt til eigaren av gnr. 219, bnr. 2 som tilleggsjord til hans eigedom. Rettar i felles utmark samt andre landbrukstilknytte rettar og plikter som ligg til bnr. 1, skal følgje med i overdraginga, som skal skje på slike vilkår og til prisar som kan godtakast av konsesjonsstyresmaktene».»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. konsesjonslova § 11, jf. § 9.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 663/2024

Konsesjonslova: Lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkår

Søknadstype: Søknad om lemping av konsesjonsvilkår

Eigedom: Gbnr. 219/1

Adresse: Midtneset 20 og 12, 5994 Vikanes

Konsesjonshavar/eigar: Søren Helligsøe med tinglyst heimel den 04.10.2023

Klagar: 1. Vike Grendalag v/styrets leiar, Rolf Mårstig
2. Konsesjonshavar, Søren Helligsøe, v/Advokatfirmaet Riise

Tilsvar: 1. Eigar av landbrukseigedom i drift – gbnr 219/2 – Torgeir Andvik med tinglyst heimel sidan 08.12.2019
2. Klagar nr. 2 har i sin klage også gjeve tilsvar til klage frå Vike Grendalag

Saka gjeld klage på delegert vedtak, datert 12.06.2024, om klage på avslag på søknad om lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkår etter konsesjonslova. Konsesjonsvilkåret gjeld overdraging av areal samt rettar/pliktar frå gbnr 219/1 til gbnr 219/2, sjå vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland av 01.03.2022.

Omsøkt lemping (endring til gunst) er at «utmarken» skal overdragast til Vike Grendalag der samtlige eigedomane på Vikanes er med, inkludert gbnr 219/1, forutan gbnr 219/2. Overdraginga til grendalaget erstattar konsesjonsvilkåret slik det er fastslått i vedtak frå Statsforvaltaren, datert 01.03.2022. I klageomgangen er det fremja frå konsesjonshavar at vilkåret er ugyldig.

Vedtaket av 12.06.2024 har følgjande ordlyd:

«Med heimel i konsesjonslova § 11, jf. § 9 vert det gjeve avslag på søknad om lemping av konsesjonsvilkår.

Vilkåra slik det går fram av vedtak datert 01.03.2023 er gjeldande:

«Det er eit vilkår for konsesjon at dei delane av eigedomen som er avsett til landbruk-natur-og friluftsføremål i arealdelen til kommuneplanen, vert selt til eigaren av gnr. 219, bnr. 2 som tilleggsjord til hans eigedom. Rettar i felles utmark samt andre landbrukstilknytte rettar og plikter som ligg til bnr. 1, skal følgje med i overdraginga, som skal skje på slike vilkår og til prisar som kan godtakast av konsesjonsstyresmaktene».

Historikk – kort

Sak, om konsesjon med vilkår om overdraging av areal samt rettar/pliktar til gbnr 219/2, har ei lengre sakshistorikk.

APM fatta vedtak i utvalssak 33/24, datert 06.03.2024, om uttale til Statsforvaltaren til søknad frå konsesjonshavar av 16.02.2024 om endring/lemping av konsesjonsvilkår. Søknaden vart sendt tilbake til kommunen som rett vedtaksmynde. Delegert avslag var gjeve den 12.06.2024. APM skal i møte den 16.10.2024 behandle klagene og mottatte tilsvar på avslaget etter konsesjonslova.

Tidslinje – konsesjonsvilkår

- APM vedtak i klagesak, utvalssak. 164/21, datert 10.11.2021.

APM gav avslag på søknad om konsesjon. Vilkår om at areal skulle avstås til gbnr 219/2:

“Landbruksareala til gbnr 219/1 avstås til naboeigedom i aktiv drift - gbnr 219/2 til landbrukstakst. Frist for avståelse vert satt til ni månader etter endeleg vedtak i saka.
Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.”

- Klageavgjerd frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 01.03.2022:

«Vedtak

Klaga vert ikkje teken til følgje.

Søren Helligsøe får konsesjon for overtaking av gnr. 219 bnr.1 i Alver.

Det er eit vilkår for konsesjon at dei delane av eigedomen som er avsett til landbruks- natur- og friluftsføremål i arealdelen til kommuneplanen, vert selt til eigaren av gnr. 219 bnr. 2, som tilleggsjord til hans eigedom. Rettar i felles utmark samt andre landbrukstilknytte rettar og plikter som ligg til bnr. 1, skal følgje med i overdraginga, som skal skje på slike vilkår og til prisar som kan godtakast av konsesjonsstyresmaktene.

Skøyte skal vere eigar av gnr. 219 bnr. 2 i hende seinast 01.03.2023.»

- Tidsavgrensa vilkår om tinglysing av areal til gbnr 219/2 går ut den 01.03.2023.
- Søknad om endring av konsesjonsvilkår til Statsforvaltaren, datert 16.02.2024.
- APM vedtak, utvalssak 33/24, datert 06.03.2024. Kommunen gir uttale til Statsforvaltaren til søknad om endring av konsesjonsvilkår, datert 16.02.2024.
- Statsforvaltaren si avgjerd, datert 08.05.2024. Kommunen skal handsame søknad om endring av konsesjonsvilkår, datert 16.02.2024.
- Delegert avslag frå kommunen på søknad om endring av konsesjonsvilkår, datert 12.06.2024.
- Klage frå Vike Grendalag (VG), datert 27.06.2024.
- Sjølvstendig klage og støtteskriv til klage frå Vike Grendalag fra tiltakshavars advokat, datert 04.07.2024.
- Tilsvar til klagene frå gbnr 219/2, datert 21.07.2024.

Dokumenta er lagt til som vedlegg. Øvrig oversikt over historikk for konsesjon med vilkår er å finne i nest siste vedlegg til saksframlegget.

Det er ei aktiv ulovlegheitsak på gbnr 219/1. I sak 21/87772 – gbnr 219/2 er det gjeve pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt for opphøyr av bruk av bygningar mv. etter plan- og bygningslova, datert 27.04.2023. Saka har ikkje noko relevans for noverande klagesak og er kun å rekne som ei saksopplysning for gbnr 219/1.

Vurderingstema APM – lemping av konsesjonsvilkår

APM skal vurdere klagen og tilsvar på avslag på søknad om lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkåret etter konsesjonslova som gjeld overdraging av areal samt rettar/pliktar til gbnr 219/2.

Rettsleg utgangspunkt for lemping av konsesjon med vilkår er [konsesjonslova § 11 første ledd andre punktum](#):

§ 11.(vilkår for konsesjon)

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.

Rettleiing til lemping av vilkår etter konsesjonslova § 11 første ledd andre punktum er gjeve i [Rundskriv om konsesjonslova – M-1/2021](#), pkt. 6.4 første avsnitt side 38:

«6.4 Lemping av vilkår

Det er fastsatt i konsesjonsloven § 11 første ledd annet punktum at det etter søknad kan lempes på konsesjonsvilkår. Avgjørelsen av en slik søknad om å lempe på konsesjonsvilkår må vurderes ut fra situasjonen på tidspunktet for vedtak om lemping, ikke ut fra situasjonen da det ble gitt konsesjon. Ved vurderingen av om det skal lempes på konsesjonsvilkår må det foretas en helhetsvurdering hvor det tas stilling til om det faktiske og rettslige grunnlaget er endret etter at konsesjon ble gitt.»

Lemping av vilkår – konkret, heilskapleg vurdering

Vurderinga av søknaden om lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkår tek utgangspunkt i dagens situasjon. Dette for å avgjere om noverande situasjon gjer at vilkåret skal endrast til gunst for konsesjonshavar. Det skal foretas ei konkret, heilskapleg vurdering. Kommunen skal fastslå om det faktiske grunnlaget (reell situasjon) og det rettslege grunnlaget (lovens bestemmelser) er endra frå det tidspunktet konsesjonsvilkåret vart gjeve og fram vedtakstidspunktet for kommunen si handsaming av klagesaka.

Konsekvens av å ikkje oppfylle vilkår etter konsesjonslova

I vår sak er fristen for vilkåret om overdraging av tilleggsjord samt rettar/pliktar oversitta, dvs. at fristen gjekk ut den 01.03.2023. Konsekvensen av slik fristoversitting, er gjeve i [konsesjonslova § 16](#) om brot av konsesjonsvilkår:

§ 16.(overtredelse av konsesjonsvilkår)

For overtredelse av vilkår som er satt for konsesjon i henhold til denne loven, kan Kongen fastsette en tvangsmulkt som påløper inntil forholdet er bragt i orden, eller som forfaller for hver overtredelse. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg.

Dersom en konsesjon er gitt på grunnlag av uriktige eller ufullstendige opplysninger om forhold av vesentlig betydning, eller erververen overtrer fastsatte vilkår av vesentlig betydning, kan konsesjonen trekkes tilbake.

Blir konsesjonen trukket tilbake, skal det fastsettes en frist for innehaveren til å sørge for at eiendommen blir overdratt til noen som lovlig kan erverve den. Oversittes fristen, får [§ 19](#) tilsvarende anvendelse.

Konsekvensen av å ikke oppfylle vilkår for konsesjon, kan vere tvangsmulkt. Mynde til å fastsette og gi tvangsmulkt er overført frå kongen til Statsforvaltaren i Vestland, jf. konsesjonslova § 16 første ledd.

Dersom konsesjonshavar (erververen) ikkje oppfyller fastsatt vilkår, så «kan» konsesjonen trekkast tilbake, jf. konsesjonslova § 16 andre ledd. Statsforvaltaren skal da sette ein frist for overdraging til nokon som lovleg kan erverve konsesjonen, jf. konsesjonslova § 16 tredje ledd første punktum. Dersom fristen for overdraginga vert oversitta, så «kan» tvangssal utan varsel bli iverksett for eignedomen, jf. konsesjonslova § 16 tredje ledd andre punktum, jf. [konsesjonslova § 19](#). Mynde til tvangssal er gitt til Statsforvaltaren i Vestland.

Det er sendt inn søknad om lemping av konsesjonsvilkåret, avslag er gjeve og avslaget er påklaga. Konsesjonsvilkåret, overdraging av areal samt rettar/pliktar til gbnr 219/2, er ein del av noverande klageomgang. Bestemmelsene i konsesjonslova §§ 16 og 19 kan ikkje fremmast av Statsforvaltaren så lenge det er ein pågåande klagesak om lemping av konsesjonsvilkåret. Klagesaka må avsluttast med ei endeleg avgjerd frå Statsforvaltaren før Statsforvaltaren «kan» vurdere vidare oppfølging av konsesjonslova §§ 16 og 19.

Dersom klagen på avslaget frå Vike Grendalag og konsesjonshavar ikkje tas til følgje, så vert saka oversendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd. Dersom Statsforvaltaren stadfestar kommunen sitt vedtak, så vil Statsforvaltaren ha mynde til å følgje opp konsesjonsvilkåret etter konsesjonslova §§ 16 og 19. Dersom APM tar klagen heilt eller delvis til følgje, så vil dette vere eit nytt enkeltvedtak som Statsforvaltaren, konsesjonshavar og Vike Grendalag kan klage på.

Klage

Kommunen har mottatt følgjande klager:

- Klage frå Vike Grendalag (VG), datert 27.06.2024.
- Sjølvstendig klage og støtteskriv til klage frå Vike Grendalag frå tiltakshavars advokat, datert 04.07.2024.

Kommunen har mottatt følgjande tilsvaer:

- Tilsvaer til klagen frå gbnr 219/2, datert 21.07.2024.

Klagerett

Sameiget Vike Grendalag - klagerett

Eigar av gbnr 219/2 fremjar at klagen frå Vike Grendalag er titulert som eit innspel, dei formelle krava til ein klage er ikkje oppfylt og det vert stilt spørsmål om grendalaget har klagerett.

Sameiget Vike Grendalag har ikkje formulert sitt skriv av 27.06.2024 som ei klage, men som eit innspel. Kommunen forstår det utifrå det materielle innhaldet i skrivet, om areal/rettar/plikter frå gbnr 219/2 til grendalaget, at dei ønskjer å få sine merknadar handsama i klageomgangen. Skrivet frå grendalaget vert difor handsama som ei klage.

Vike Grendalag er ikkje part i saka. Vik Grendalag eit sameige av omkringliggande naboar til eigedomen gbnr 219/1. Sameiget inkluderer gbnr 219/1. Sameiget inkluderer ikkje gbnr 219/2. Det er opplyst at det er 7 småbruk av ulik storleik som har fleire ting til felles: Beiterett i Vikamarka, Hjortejakt, Fjellutmark, Tar vare på kulturlandskapet, Dyrkar mat til storfamilien f. eks. poteter, grønnsaker, frukt og bær, Eggproduksjon til storfamilien, Fiske, Vedhogst, Produksjon av materialar til eige bruk, Delvis utleige til andre bønder.

Grendalaget vart stifta den 04.01.2019 og registrert i Enhetsregisteret den 19.06.2024. Føremålet er: «Forvaltning av utmark på gnr. 219, bnr. 1 i Alver kommune. Vedlikehold av skog, skogsveg, inn- og utmark. Kultivering av utmark, forvalte naturen. Ta vare på våtmarksområde (myr) og naturmangfoldet. Sosiale sammenkomster. Parsellhangar.»

Spørsmålet er om sameiget Vik Grendalag har rettsleg klageinteresse med tilhøyrande klagerett på vedtaket av 12.06.2024, jf. forvaltningslova (fvl.) § 28 første ledd første punktum.

Overføring av arealet til grendalaget vil medføre at tal sameigarar aukar. Å overføre arealet til eit grendalag, er i praksis å overføre det til eit sameige der tal sameigepartar vert auka. Hovudregelen er at konsesjon ikkje skal gis til eit sameige, jf. [konsesjonslova § 9 andre ledd](#):

«Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes.»

Forarbeida¹ til konsesjonslova § 9 andre ledd viser at konsesjon til sameige i ein landbrukseigedom kan være uheldig for drifta. Det kan oppstå ueinigheit om driftsopplegg, investeringar og vedlikehald mv. når det er fleire som skal bestemme kontra ein ervervar/konsesjonshavar. Dette kan ta bort fokus frå det å aktiv drifte landbrukseigedomen.

Imidlertid så ileggar ikkje bestemmelsen ned forbod mot at eit sameige kan vere konsesjonshavar, men det er ein snever moglegheit. Når det etter konsesjonslova § 9 er mogleg at eit sameige kan vere konsesjonshavar, så vil sameiget kunne ha interesse av klagesaka sitt utfall. Føremålet og verkeområdet til sameiget underbygger deira rettslege interesse i saka.

¹ Ot.prp. nr. 79 (2002-20023) s. 83

Etter dette har sameiget Vik Grendalag rettsleg klageinteresse med tilhøyrande klagerett på vedtaket av 12.06.2024, jf. forvaltningslova (fvl.) § 28 første ledd første punktum.

Konsesjonshavar - klagerett

Konsesjonshavar er part i saka. Part i saka har klagerett. Konsesjonshavar har på denne bakgrunn også rett til å komme med tilsva (benevnt som støtteskriv) til klagen frå Vike Grendalag.

Eigar av gbnr 219/2 – rett til å gje tilsva

Tilsva frå eigar av gbnr 219/2 er ein del av klageomgangen. Det er gbnr 219/2 som er omsyntatt med konsesjonsvilkåret om overdraging av areal samt rettar/pliktar til gbnr 219/2. Gbnr 219/2 vil ha rettsleg interesse i utfallet av søknaden om endring/lemping av konsesjonsvilkåret etter konsesjonslova. Tilsvaret vil dermed vere ein del av klageomgangen.

Klagefrist

Vike Grendalag - klagefrist

Vedtaket av 12.06.2024, er sendt ut same dag. Vedtaket er ikkje sendt til Vike grendalag. Klagefristen er 3 veker, jf. [forvaltningslova \(fvl.\) § 29](#) første ledd første punktum. Fristen for Vike Grendalag løpar frå det tidspunkt dei fekk kjennskap til vedtaket, jf. fvl. § 29 andre ledd første punktum. Klagen er mottatt innan 3 veker fristen for utsending av vedtaket.

Vike Grendalag sin klage er rettidig (mottatt innan rett tid) den 27.06.2024.

Klagefrist - konsesjonshavar

I tilsvaret frå gbnr 219/2, så vert det fremja at klagen, datert 04.07.2024, frå konsesjonshavar er fremja for seint. Dette fordi klagefristen på 3 veker er 12.06.24-03.07.2024.

Spørsmålet er om klagen frå Riisa Advokatfirma ANS på vegne av tiltakshavar er rettidig (mottatt innan rett tid) den 04.07.24.

Klagefristen er 3 veker og løpar «fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part.»

Kommunen nyttar digital utsending ved utsending av vedtak. Digital utsending av vedtak har heimel i [forvaltningslova \(fvl.\) § 15a](#) første ledd. Nærare reglar om klagefrist ved digital utsending er gjeve i eForvaltningsforskrifta med heimel i fvl. § 15a tredje ledd.

Etter [eForvaltningsforskrifta § 11 andre ledd](#) begynner klagefristen etter fvl. § 29 å løpe «fra det tidspunkt vedtaket er gjort tilgjengelig elektronisk, og varsel om dette er sendt, jf. § 8 tredje ledd».

Tidspunktet, som vedtaket er gjort tilgjengeleg elektronisk, er utsendingstidspunktet via digital utsending via/SVARUT frå kommunen. Varsel om vedtaket, i form av elektronisk varslng, er det varsel mottakar får om mottatt vedtak får sin SDP (sikker digital postkasse) - Digipost.

▶	12.06.2024 09:20 Forsendelse til SØREN HELLIGSØE (231070*****) ble igangsatt. Forsendelsesmåte SVARUT
▶	13.06.2024 13:35 JournalpostId: 31305. SVARUT - fikk status LEVERT_SDP. Til: + SØREN HELLIGSØE - Brev sendt til SDP.
▶	12.06.2024 09:20 Forsendelse til ADVOKATFIRMAET SIMONSEN VOGT WIIG AS (898783812) ble igangsatt. Forsendelsesmåte SVARUT

Logg for utsending i sak 2024/837 (JP 11) er klar på at utsendingstidspunktet for vedtaket er 12.06.2024 kl. 09:20. Konesjonshavar har fått vedtaket av 12.06.2024 sendt til SDP (sikker digital postkasse) den 13.06.24 kl. 13:35. Det er ikkje opplyst i saka når varsel er gjeve i SDP om mottatt vedtak. Det vert lagt til grunn at 3 veker klagefrist for konsesjonshavar er 13.06.2024-04.07.2024.

Logg for utsending i sak 2024/837 (JP 11) opplyser ikkje utsendingstidspunktet for vedtaket, datert 12.60.2024, til konsesjonshavar sin representant, Advokatfirmaet Riise. Det er kun opplyst at utsending er igangsett kl.09:20. Dette er same tidspunkt for igangsetting av utsending som for tiltakshavar.

Klagen frå Advokatfirmaet Riise, er sendt innan kl. 15:59 (ordinær arbeidstid) den 04.07.24. Klagen frå Advokatfirmaet Riise er sendt inn på vegne av tiltakshavar. Klagefristen for konsesjonshavar løpar frå 13.06.2024-04.07.2024 (ordinær 3 veker klagefrist).

Klagen frå Advokatfirmaet Riise er sendt inn på vegne av tiltakshavar. Utsendingstidspunktet for vedtaket, datert 12.60.2024, til konsesjonshavar sin representant, Advokatfirmaet Riise, er ukjent. Klagefristen for konsesjonshavar vert lagt til grunn for klagefrist. Klagefristen for konsesjonshavar er 13.06.2024-04.07.2024.

Etter dette er klagen frå Riisa Advokatfirma ANS på vegne av tiltakshavar rettidig (mottatt innan rett tid) den 04.07.24.

Frist for tilsvaer - eigar av gbnr 219/2

Eigar av gbnr 219/2 har gjeve rettidig tilsvaer iht. den frist som var gjeve av kommunen.

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Habilitet – forvaltningslova (fvl.) kap. II

Vike grendalag fremjar inhabilitet overfor politkar og administrasjon. Ifølgje Vike Grendalag, så er det «for tette band mellom dei som handsamar saka, både politisk og administrativt og eigar av 219/2.» Klagesaka skal ikkje handsamast av kommunen, men av ein settelommune for at klagarane skal ha tiltru til ei uhilda handsaming.


Kommunedirektøren viser til at det ikkje kan påberopast inhabilitet for polititar og administrasjon i kommunen generelt sett. Polititar og administrasjon kan ikkje generelt sett vere inhabile. Inhabilitetsreglane i forvaltningslova retter seg til «offentleg tenestemann», jf. [forvaltningslova \(fvl.\) § 6 første ledd](#). «Offentleg tenestemann» er definert i [fvl. § 2 første ledd bokstav d](#) som en «embetsmann eller annen som er ansatt i statens eller kommunens sin teneste». Ansatt i administrasjonen er embetsmann. Polititar i APM er ansatt i kommunen sin teneste.

Inhabilitet må påberopast til ein eller fleire konkret person(er) i kommunen, det vere ein polititar eller ein bestemt person i administrasjonen, jf. fvl. §§ 6 første ledd og 2. Det er ikkje påstått inhabilitet for ein eller fleire polititar eller person i administrasjonen.

Det må også følgje med ei nærare grunngjeving kva som gjer denne/desse personen(e) inhabile (ugild), jf. [fvl. § 8](#). Grunngjevinga om at det er «for tette band mellom dei som handsamar saka, både politisk og administrativt og eigar av 219/2», er for generell og gir ikkje grunnlag for nærare vurdering.

På denne bakgrunn er det ikkje grunnlag for å handsame påstanden om inhabilitet etter fvl. kap. II for polititar og administrasjon.

Kart/foto



Grunngjeving – søknad

Eit grendalag, Vike Grendalag, er blitt etablert for å forvalte utmarka på gbnr 219/1. Alle naboar var invitert til stiftinga. Alle naboar møtte forutan eigar av gbnr 219/2. Allmenne naturvern- og friluftsinnteresser vert ivaretekne langt betre av eit grendalag da alle sine felles interesser i området vert representert. Dette er ei betre løysing enn at utmarka tilleggast naboeigedommen gbnr 219/2 som tilleggsgjord.

Gbnr 219/1 har dessutan stadfesta at utmarka på gbnr. 219/1 overdras vederlagsfritt til grendalaget. Gbnr 219/2 ønskjer å samle alle hjortevald som høyrer til gbnr 219/1. Dette er til skade for fellesinteressene. Grendalaget er gitt ei stadfesting frå gbnr 219/1 om at alle hjortevald som høyrer til gbnr 219/1 skal bli disponert av grendalaget. For å behalde busetting, allmenn bruk og sikre fellesskapets interesser, så må det gjerast endring i konsesjonsvilkår.

Klagegrunnar

Klagegrunnar frå Vike Grendalag

Klagen frå Vike Grendalag er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Eigaren av bruk 2 vil få auka innmarksarealet med 0,3 dekar, men dette vil i liten grad styrkje drifta av bruket eller ressursgrunnlaget. Skogarealet er driftsteknisk utfordrande. Overføring av landbruksareal frå bruk 1 til bruk 2 vil ikkje gi vesentlege fordelar for framtidig skog- og utmarksforvaltning. Begge bruka, samt andre nærliggande bruk, har gjensidig beiterett i utmark. Eigaren av bruk 2 er skikka til å drive landbruk, men det er også dei andre sameigarane skikka til.

Ei betreløysing er at bruk gbnr 219/1 eller Vike Grendalag får konsesjon for LNF-områda for å sikre fellesskapets interesser.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Klagegrunnar frå konsesjonshavar

Klagen frå konsesjonshavar er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Vedtaket av 12.06.2024 gir ingen klar grunngjeving for kvifor eigedomen må seljast til naboen, og det er ikkje vurdert om Helligsøe kan få konsesjon utan vilkår. Dette gjer det vanskeleg for klagaren å vurdere vedtaket sin rettmessigheit. Det blir hevda at vedtaket er vilkårleg, uforholdsmessig og urimeleg samt fører til usakleg forskjellsbehandling. Kommunen har lagt for stor vekt på naboens ønske om å kjøpe eigedomen utan å vurdere søkjarens formål med konsesjonen, jf. [konsesjonslova § 9](#). Det har også vore tvilsam habilitet i sakshandsaminga. Vedtaket av 12.06.2024 er ugyldig

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tilsvargrunnar frå eigar av landbrukseigedom i drift – gbnr 219/2

Tilsvaret frå eigar av landbrukseigedom i drift – gbnr 219/2 er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Påstanden om at kommunen har lagt for stor vekt på naboens ønske om å kjøpe eigedomen utan å vurdere søkjarens formål med konsesjonen, jf. [konsesjonslova § 9](#), er irrelevant. Saka handlar om å lempe på konsesjonsvilkåret (fråvike til gunst). Gbnr 219/1 er medlem av Vike Grendalag og innehar største part. Den beste løysinga er at gnr. 219/2 får kjøpa jordbruksarealet til gnr. 219/1. Dette vil styrka driftsgrunnlaget for garden på gbnr 219/2 og bidra til vidare drift i eit langtidsperspektiv. Då eigar av gbnr 219/2 har familie med barn, så vil konsesjonslova sitt mål om familielandbruk styrkast. Dersom gbnr 219/2 og 219/2 vert samanslått, så vert gbnr 219/2 eigar av tilleggsjord og kan byggast på av eigar. Tilleggsjorda

er ca. 10 dekar. 10 dekar utgjør ca. 30 % auke i driftsgrunnlag. Det ligger ikke føre inhabilitet i saka. Vedtaket av 12.06.2024 er gyldig.

Det vert vist til tilsvaret i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

Det følgjer av konsesjonslova § 11 1.ledd «Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad».

Det går fram av rundskriv til M-01-21 Konsesjon, priskontroll og boplikt at: «Avgjørelsen av en slik søknad om å lempe på konsesjonsvilkår må vurderes ut fra situasjonen på tidspunktet for vedtak om lemping, ikke ut fra situasjonen da det ble gitt konsesjon. Ved vurderingen av om det skal lempes på konsesjonsvilkår må det foretas en helhetsvurdering hvor det tas stilling til om det faktiske og rettslige grunnlaget er endret etter at konsesjon ble gitt.»

I søknad om lemping av vilkår viser søkjar til fleire forhold som argument for at vilkåret bør bli endra.

I brevet peikar søkjar på at omsynet til ålmenne naturvern- og friluftsinteresser i langt betre grad vert teke vare på av eit grendelag som skal representere alle felles interesser i området samanlikna med at «utmarka» vert lagt til naboeigedomen (altså bnr. 2) som tilleggsjord.

Administrasjonen si vurdering er at uavhengig av kven som står som eigar av eit areal, er det arealdelen i kommuneplanen og ei til kvar tid gjeldande regelverk som styrer arealbruken. Dette vil ta vare på friluftsinteressene.

Vidare vert det orda frampå om rettslege skritt om ikkje vilkåret vert gjort om eller endra. Dette då vilkåret om å overdra landbruksarealet under den kommunale handsaminga vart reist på ein slik måte at administrasjonen ikkje var budd på og ikkje hadde rådd til dette.

Administrasjonen si vurdering er at det står ein kvar part i ei sak fritt til å få prøvd ei sak rettsleg. Det er òg slik at politikarar i ein kvar kommune og i ei kvar sak kan fremje og vedta det dei til ei kvar tid meiner er det beste for dei interessene dei er valt til å ta vare på. Dette kan dei gjere med den grunngjeving dei finn turvande innanfor gjeldande lovverk.

Det vert òg peika på at grunngjevinga for kommunen sitt vedtak mellom anna var at tilleggsjord for bnr. 2 var ynskjeleg av landbruksmessige omsyn. Samstundes har Statsforvaltaren lagt til grunn at verdien av heile utmarka i høve ein takst frå 2019, skulle utgjere mindre enn 10% av eigedommen sin samla verdi inkludert bygningar. Det er òg slik at trongen for beite til sauene på bnr. 2 ikkje er reell. Dette av di det berre er få sauer som beiter og at beiteretten er slege fast i jordskiftet som felles beiterett i Vike-marka på bnr. 1 og 2 og tilgrensande eigedomar. Vidare at det er felles beite på fjellet. Etter kjøpar sitt syn utgjør natur- og friluftsinteressene langt viktigare omsyn enn landbruksinteressene. Dei vil best verte tekne vare på av samtlege oppsitjarar gjennom grendalaget som slik best sikrar ålmann bruk.

Administrasjonen si vurdering til dette er at i denne saka har eigar av bnr. 2 formidla konkrete planar om å auke dyretalet på bnr. 2, mellom anna med ammeku, ein produksjon som krev areal. I slike saker lyt kommunen tenkje langsiktig. Med det meinast kva potensiale eit bruk kan oppnå no eller i framtida. Om ein produksjon er ekstensiv i dag, er det mellom anna kommunen si oppgåve å leggje til rette for at produksjonen på eit bruk kan aukast om tilhøve elles ligg til rette for det. Dette kan ein mellom anna nytte reglane i konsesjonslova og jordlova til. Det er elles kjent at verdsetjinga av landbruksareal, ligg lågt andsynes mange arealtypar som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til annan bruk enn landbruk.

Slåtteareal, som i fylgje søkjar vart halde fram som eit behov frå eigar av bnr. 2, er heller ikkje reell. Dette av di *«Dyrking av gress i myrområdet i Vikemarka er verken ønskelig eller har noen som helst landbruksfaglig begrunnelse. Det vil dessutan stride mot naturmangfaldsloven og mot retningslinjer for bevaring av myrområder (for å binde CO2) mv. Skogsdriften er ikkje lønnsom på noe vis.»*

Administrasjonen si vurdering: Nydyrking er søknadspliktig. Som nemnt tidlegare vil gjeldande regelverk og då inkludert både naturmangfaldslova og forskrift om nydyrking verestyrande for slike saker og slik så langt det let seg gjere, sett ta i vare dei omsyn som søkjar peikar på her.

Søkjar har stadfesta at «utmarka» på bnr. 1 vert drege over utan vederlag til grendelaget. I ein avveging av interessene veg interessene til fellesskapet absolutt tyngst samanlikna med enkeltinteresser. I denne saka har enkeltinteressene (som kommunen les som eigar av bnr. 2) ynskje om å samle alle hjortevald på Vike under bnr. 1 (truleg meint bnr. 2 (kommunen sin merknad)) sin eigedomskontroll. Dette vil vere til skade for fellesskapet sine interesser.

Administrasjonen sine merknader: Fellesskapet sine interesser femnar vidt. Eit sentralt mål i landbrukspolitikken og dermed i konsesjonslova, er å styrke ressursgrunnlaget på einskilde bruk.

Først litt om kva ein etter kommunen sitt syn må leggje i omgrepet «fellesinteresser».

Føremålet med konsesjonslova kjem fram i konsesjonslova § 1 noko som vart slege fast i vedtaket kommunen gjorde.

«Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

- 1. framtidige generasjoners behov.*
- 2. landbruksnæringen.*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn.*
- 4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.*
- 5. hensynet til bosettingen.»*

Isolert sett kan kommunen sjå argumenta som kjem fram i brevet frå kjøpar 01.08.2023 med tanke på fellesinteresser i Vike-grenda. Men med fellesinteresser lyt kommunen òg tenkje utover kva einskilde partar tenkjer og meiner i ei slik sak, og òg sjå på kva interesser stor-samfunnet har. Tilsvarande lyt kommunen, som nemnt tidlegare, tenkje lenger fram i tid enn dagens situasjon der det vert argumentert med at bnr. 2 er eit «hobbybruk».

Etter kommunen sitt syn vil ei samanslåing av landbruksarealet på gnr. 219, bnr. 1 med eigheten gnr. 219, bnr. 2 tvillaust styrke bnr. 2 med tanke på framtida. Dette har kommunen lagt avgjerande vekt på i vedtaket som vart stadfesta av Statsforvaltaren.

Når det gjeld konkret spørsmålet om det er betre om landbruksarealet tilhøyrande gnr. 219, bnr. 1 vil gje ei betre løysing for grenda om det vert overført til grendalaget, ser kommunen at det frå søkjar sin ståstad kan vere gode intensjonar med det. Likevel er det slik at dette etter kommunen sitt syn må oppfattast som eit sameige. På generelt grunnlag vil vi peike på at sameige for landbrukseigedomar i mange høve har synt seg uheldig. Dette då ansvar for eigheten smuldrar opp og at det kan oppstå usemje i sameiget. Administrasjonen vil understreke at det er uheldig med sameige der viktige ressursar som jakt med meir er gjeldande. Dette strir òg mot konsesjonslova § 9 der det mellom anna heiter: «*Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes*». Innhaldet i lova er slik kommunen har oppfatta det, mellom anna tufta på at sameige er ein eigarform som ut frå erfaring kan gjere drifta av eigheten vanskeleg, og føre til konflikstar.

Til slutt i brevet peikar søkjar på at om Vike-området skal halde oppe busetjing, ålmenn bruk og sikre fellesskapet sine interesser, er det naudsynt å endre vilkåra sett i konsesjonen.

Administrasjonen sin merknad. Kommunen er ikkje udelt samd i påstanden ovanfor. Det er som nemnt slik at styrking av einskild bruk er prioritert i regelverket. Samstundes ser vi godt at styrking av og å oppretthalde mindre bruk, òg kan påverke busetnad i positiv lei i eit område. Likevel har vi kome til at det beste i dette tilfellet vil vere at eigar av bnr. 2 får ta over landbruksarealet på bnr. 1.

Konklusjon

Alver kommune kan med dette ikkje sjå at det er grunnlag for å endre vilkår for konsesjon slik det er søkt om og søknaden vert avslått.

Vurdering i klageomgangen

APM skal vurderare klagen og tilsvar på avslag på søknad om lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkåret etter konsesjonslova som gjeld overdraging av areal samt rettar/pliktar til gbnr 219/2.

Rettsleg utgangspunkt for lemping av konsesjon med vilkår er [konsesjonslova § 11 første ledd andre punktum](#):

§ 11.(vilkår for konsesjon)

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.

Rettleiing til lemping av vilkår etter konsesjonslova § 11 første ledd andre punktum er gjeve i [Rundskriv om konsesjonslova – M-1/2021](#), pkt. 6.4 første avsnitt side 38:

«6.4 Lemping av vilkår

Det er fastsatt i konsesjonsloven § 11 første ledd annet punktum at det etter søknad kan lempes på konsesjonsvilkår. Avgjørelsen av en slik søknad om å lempe på konsesjonsvilkår må vurderes ut fra situasjonen på tidspunktet for vedtak om lemping, ikke ut fra situasjonen da det ble gitt konsesjon. Ved vurderingen av om det skal lempes på konsesjonsvilkår må det foretas en helhetsvurdering hvor det tas stilling til om det faktiske og rettslige grunnlaget er endret etter at konsesjon ble gitt.»

Vurderinga av søknaden om lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkår tek utgangspunkt i dagens situasjon. Dette for å avgjere om noverande situasjon gjer at vilkåret skal endrast til gunst for konsesjonshavar. Det skal foretas ei konkret, heilskapleg vurdering. Kommunen skal fastslå om det faktiske grunnlaget (reell situasjon) og det rettslege grunnlaget (lovens bestemmelser) er endra frå det tidspunktet konsesjonsvilkåret vart gjeve og fram vedtakstidspunktet for kommunen si handsaming av klagesaka.

I klageomgangen er det fremja frå konsesjonshavar at vilkåret er ugyldig.

Kommunedirektøren finn at vilkåret i konsesjonssaka av 01.03.2022 frå Statsforvaltaren er innanfor konsesjonslova sine rammer og er vurdert etter ei konkret, heilskapleg vurdering. Det er grunngjeven i tråd med fvl. §§24 og 25 og er innafor ulovfesta rett om grunngjevinga sitt innhald, jf. Isene dommen. Skjønnsutøvinga bryt ikkje grensene for kommunen sitt handlingsrom i tråd med det lokale sjølvstyret. Vedtaket er ikkje er ugyldig på grunn av misbruk av offentleg mynde i høve den ulovfesta myndigheitsmisbrukslæra. Det ligg ikkje føre utanforliggjande omsyn, vedtaket framstår ikkje som vilkårleg, usakleg forskjellsbehandling ligg ikkje føre, det er ikkje eit uforholdsmessig vedtak, nødvendigheita av vilkår er vurdert på rett måte samt at vedtaket framstår ikkje som kvalifisert urimeleg.

Vilkåret i konsesjonssaka av 01.03.2022 frå Statsforvaltaren vilkåret er gyldig.

Omsøkt lemping (endring til gunst) i vår sak er at «utmarken» skal overdragast til Vike Grendalag der samtlige eigedomane på Vikanes er med, inkludert gbnr 219/1, forutan gbnr 219/2. Det vert fremja at overdraginga til grendalaget erstattar konsesjonsvilkåret slik det er fastslått i vedtak frå Statsforvaltaren, datert 01.03.2022.

Vik Grendalag er eit sameige av omkringliggjande naboar til eigedomen gbnr 219/1. Sameiget inkluderer gbnr 219/1. Sameiget inkluderer ikkje gbnr 219/2.

Overføring av arealet til Vike Grendalag vil medføre at tal sameigarar aukar. Å overføre arealet til eit grendalag, er i praksis å overføre det til eit sameige der tal sameigepartar vert auka. Hovudregelen er at konsesjon ikkje skal gis til eit sameige, jf. [konsesjonslova § 9 andre ledd](#):

«Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes.»

Forarbeida² til konsesjonslova § 9 andre ledd viser at konsesjon til sameige i ein landbrukseigedom kan være uheldig for drifta. Det kan oppstå ueinigheit om driftsopplegg, investeringar og vedlikehald mv. når det er fleire som skal bestemme kontra ein konsesjonshavar. Dette kan ta bort fokus frå det å aktiv drifte landbrukseigedomen.

I skriv frå Statsforvaltaren, datert 18.01.2024 side 2 avsnitt 3, så vert det gjeve ei kort innleiande vurdering av sameige:

«Vi vil ikkje her gå nærare inn på om det er rettsleg grunnlag/heimel for å kunne endre vilkåret i den aktuelle saka eller ikkje, Under alle omstende vil ei eventuell endring ikkje kunne skje utan at det ligg føre svært gode grunnar, og at desse knytter seg til dei omsyn og føremål som konsesjonslova skal ivareta. Det må med andre ord sannsynleggjerast at det vil vere ei monaleg meir føremålstenleg løysing at dei aktuelle areala og rettane vert overført til «*alle eiendommene på Vikanes*» enn om dei vert lagt til gnr. 219 bnr. 2 som tilleggsjord..»

Videre viser kommunedirektøren til at konsesjon til sameige i ein landbrukseigedom kan være uheldig for drifta, sjå forarbeida³ til konsesjonslova § 9 andre ledd. Det kan oppstå ueinigheit om driftsopplegg, investeringar og vedlikehald mv. når det er fleire som skal bestemme kontra ein erverar/konsesjonshavar med avgjerd mynde aleine. Dette kan ta fokus frå det å aktiv drifte landbrukseigedomen gbnr 219/1. Derimot har eigar av gbnr 219/2 stadfesta at han har fokus på å drifte sin landbrukseigedom med tilleggsareal og rettar/plikter frå gbnr 219/1.

Etter dette ligg det ikkje føre svært gode grunnar for å overdra areal rettar/plikter til sameiget – Vike Grendalag. Dei omsyn og føremål, som konsesjonslova skal ivareta, rettar seg først og fremt til landbrukseigedomen gbnr 219/2 i aktiv drift. Det er ikkje sannsynleggjort at det er ei meir føremålstenleg løysing at dei aktuelle areala og rettane vert overført til «*alle eiendommene på Vikanes*» enn om dei vert lagt til gnr. 219 bnr. 2 som tilleggsjord.

Kommunen legg til grunn, slik eigar av gbnr 219/2 opplys, at denne landbrukseigedomen i drift har behov for tilleggsjord. Kommunedirektøren har ikkje gått konkret inn og vurdert kor mykje av gbnr 219/1 som kan dyrkast. Utifrå flybilette ser det som nokre daa på gbnr 21/2 Dessutan vil utmarksressursane òg kome gbnr 219/2 til gode.

Det følgjer av avslaget frå kommunen, datert 12.06.2024, side 3 at:

«eigar av bnr. 2 formidla konkrete planar om å auke dyretalet på bnr. 2, mellom anna med ammeku, ein produksjon som krev areal. I slike saker lyt kommunen tenkje langsiktig. Med det meinast kva potensiale eit bruk kan oppnå no eller i framtida. Om ein produksjon er ekstensiv i dag, er det mellom anna kommunen si oppgåve å leggje til rette for at produksjonen på eit bruk kan aukast om tilhøve elles ligg til rette for det. Dette kan ein mellom anna nytte reglane i konsesjonslova og jordlova til. Det er

² Ot.prp. nr. 79 (2002-20023) s. 83

³ Ot.prp. nr. 79 (2002-20023) s. 83

elles kjent at verdsetjinga av landbruksareal, ligg lågt andsynes mange arealtypar som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til annan bruk enn landbruk.»

Tilleggsjord og hjortevald gir ei meir robust og betre rusta gardsdrift på gbnr 219/2. Dette gagnar samfunnet både lokalt og nasjonalt. Villkåret om overdraging av areal samt rettar/plikter byggjer opp under driftsgrunnlaget for nabobruket – gbnr 219/2. Tilleggsjorda og hjortevald gjer at [jordlova sine føremål](#) om ei tenleg og varig bruksstruktur vert fremja.

Særleg med tanke på at gardane i Nordhordland er små, og kan med si typiske vestlandske topografi vere vanskeleg å drifte, vil større areal og hjortevald vere ein ressurs for garden og gje naudsynt utvikling, særleg i eit langtidsperspektiv. Det er eit kommunalt, regionalt og nasjonalt ønske om driftssterke og aktive gardsbruk i regionen. Slike gardar står betre rusta til å takle endring eller uforutsette tilhøve. Med eit større areal og hjortevald kan bonden på gbnr 219/2 stå meir fritt til å drifte sitt bruk på ein god måte i tråd med dei lokale tilhøva.

Eigar av gbnr 219/2 har familie med barn og dette styrker tilknytninga til landbruket, også for den neste generasjon som bidrar til å styrkje busettinga. Dersom gbnr 219/2 og 219/2 vert samanslått, så vert gbnr 219/2 eigar av tilleggsjord. Areal kan utviklast og byggast ut av eigar i tråd med ein langsiktig tidshorisont. Tilleggsjorda utgjer ca. 10 dekar. 10 dekar medfører ca. 30 % auke i driftsgrunnlag som er ein klar fordel for gbnr 219/2. Dette bygger opp under jordlova sitt føremål om å utnytte arealressursane «..på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket», jf. [jordlova § 1](#) samt konsesjonslova sitt føremål om «..å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet», jf. [konsesjonslova § 1](#).

Det å styrke drifta på landbrukseigedom gbnr 219/2, med tilleggsjord og hjortevald mv. frå gbnr 219/1, får forrang framfor sameiget sitt formål om å forvalte utmarka på gbnr 219/1. Konsesjonsvillkåret slik det er fastslått i vedtak frå Statsforvaltaren, datert 01.03.2022, skal ikkje erstattast av ei overdraging til grendalaget.

Det er foretatt ei konkret, heilskapleg vurdering i klagesaka. Kommunen fastslår at det faktiske grunnlaget (reell situasjon) og det rettslege grunnlaget (lovens bestemmelser) ikkje er endra frå det tidspunktet konsesjonsvillkåret vart gjeve og fram vedtakstidspunktet for kommunen si handsaming av klagesaka.

Rett løysing i saka er å behalde konsesjonsvillkåret, om overdraging av areal samt rettar/pliktar frå gbnr 219/1 til gbnr 219/2, slik det følgjer av vedtaket frå Statsforvaltaren i Vestland av 01.03.2022.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 APM saksframlegg med vedtak 10.11.2021 og 01.09.2021 - gbnr 219_1 Vike
- 2 Avgjerd i klagesak som gjeld konsesjon - gbnr 219 1 Vike (L)(652719)
- 3 Saksframlegg med vedtak
- 4 Tilbakemelding - gbnr 219/1 - søknad om endring av konsesjonsvilkår

- 5 Adv. Rieck, brev av 16.02.2024.pdf
- 6 Avslag på søknad om endring av konsesjonsvilkår gbnr. 219/1 Vike i Alver kommune
- 7 Merknader til grunngjevinga for benkeforslaget
- 8 Skriv juni 2024.docx
- 9 Konsesjon vike camping - Søren Helligsøe
- 10 2024-07-04- Alver kommune konsesjon klage.pdf
- 11 Stadfesting på motteken klage gbnr. 219/1
- 12 Konsesjon gbnr. 219/1. Vedlagt klage på vedtak for dykkar eventuelle kommentarar
- 13 Kommentar til konsesjonsvilkår - e-post, datert 21.07.2024
- 14 Kommentar konsesjon vilkår, datert 21.07.2024 - innhald - gbnr 219_1 Vike
- 15 Svar på førespurnad om status for sak 2024/837 – gbnr 219/1 Vike
- 16 Vedlegg historikk konsesjon gnr 219 bnr 1 Vike
- 17 Skriv frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 18.01.2024